



KOPI

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2954 - 16/4897

Saksbehandlar:
Jostein Klette
jostein.klette@osteroy.kommune.no

Dato:
14.03.2016

Offentleg ettersyn av endring av kommuneplanen sin arealdel - 2011-2023

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 har formannskapet i Osterøy kommune, sak nr 026/16, dagsett 17.02.2016, vedtatt å leggja ut endring av kommuneplanen sin arealdel ut til 1. offentleg ettersyn.

Endringane vart varsla i brev dagsett 06.10.2015. Her var det vist til at:

«Ved vedtak om oppstart av kommunedelplan for sjø og strandsone 2014 skulle plankartet omfatte planområdet som var definert som frå kommunegrensa i sjø til funksjonellstrandsone eller 100 metersbeltet opp på land. Føremålet med ny oppstart er å varsle om at kommunen ynskjer å endra omfanget av planområdet. Kommunedelplan for sjø og strandsone vil i kartdelen no omfatte heile kommunen. Dette for å kunne nytta same plankart for kommunedelplan for sjø- og strandsone og Kommuneplanen sin arealdel. Dette gjer sakshandsaming i kommunen enklare i ein overgangsfase. Ved seinare rullering av kommuneplanen sin arealdel ser ein for seg å innarbeide Sjø- og strandsoneplanen inn i denne. I etterkant av vedtak av kommuneplanen sin arealdel 2011 har det vist seg at det er fleire tekniske feil i kartet. I samband med arbeidet med kommunedelplan for sjø- og strandsone er det ynskje om å samstundes retta opp i desse feila i kartet og gjera mindre justeringar».

Endringane som er gjort omfattar følgjande:

Namn/Område	Endring	Merknad
Plankart	Eldre SOSI-versjon oppdatert til gjeldande SOSI-versjon – SOSI 4.5	
Omsynssone H570_14 Hamre	Endra lokalisering til å liggje over Hamre kyrkje	Låg tidlegare utanfor areal for kyrkje

kyrkje

Omsynssone H910
«Reguleringsplan
skal fortsatt
gjelde».

Tatt ut av plankartet.

Mange nye planer er vedteke etter vedtak av KPA i 2011. Sonene som ligg i kartet er difor utilstrekkelege. PBL § 1-5 regulerar kva planer som skal gjelda. Alle kommunen sine planer ligg i digitalt planarkiv (BRA-plan).

Omsynssone
H710«<Bandlegging
for regulering etter
PBL» - Valestrand

Tatt ut av plankartet

Arealføremål
«Hamn» i Lonevåg


Feltnamn endra frå S2 til o_SHA1

Sentrumsføremål
Hauge

Korrigert sentrumsføremål – frå bustadføremål til sentrumsføremål.

Bakgrunnen for endringa er at arealet vart satt av til bustad ved ein teknisk feil – og ein korrigerer arealet i tråd med intensjonen.

Gamla situasjon:



Ny situasjon:



Omsynssone H320 – Flomfare	Lagt inn på alle vassdrag som munnar ut i sjø.	
KPSamferdsellinje	KPSamferdsellinje er tatt ut i området Hauge –Lonevåg og i området Vesetgjelet.	Bakgrunnen for endringa er at område er regulert eller er under regulering.
Tekne inn nye føresegner.	I samband med arbeidet med kommunedelplan for sjø og strandsone 2016-2026 er det tatt inn nye føresegner i denne planen. Desse er tatt inn i føresegnene i kommuneplanen slik at det er samsvar mellom kommunedelplanen og kommuneplanen.	Kommunedelplan er lagt ut til høyring i same periode med høyringsfrist 9. mai.

Merknader og innspel kan sendast Osterøy kommune v/ Plan, Rådhusplassen, 5282 Lonevåg eller til post@osteroy.kommune.no (merk gjerne epost med «merknad» og «plan»).

Frist for merknadar til planen er sett til **9. mai 2016**.

Spørsmål kan rettast til planavdelinga i Osterøy kommune.

Med helsing

Jostein Klette
planleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

KPA2011-2023 2016
VEDLEGG 2 FØRESEGNER

Kopi til:

Fiskeridirektoratet - Region vest	Postboks 185	5804	BERGEN
	Sentrum		
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 53	6801	FØRDE

Kopi til:

Statens Vegvesen region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

Mottakar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

KOPPI